

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
611.2	Knut Øyjordet	08.01.19	1/19

SØKNAD OM BRUK AV TERRENG FOR JAKTPRØVE – GUDBRANDSDAL FUGLEHUNDKLUBB*Saksdokument:*

Søknad frå Gudbrandsdal fuglehundklubb av 14.12.18.

Saksutgreiing:

Gudbrandsdal fuglehundklubb søker om å disponere terreng til gjennomføring av jaktprøve for ståande fuglehundar 30. og 31. mars og 7. og 8. september. Opplegget for prøvene vil i hovudsak vera som tidlegare år. Det vil bli maksimalt 5-7 parti for kvar prøve (14-20 hundar pr. parti). Besseggen Fjellpark, Maurvangen er «base» for prøvene.

Vedtak:

Gudbrandsdal fuglehundklubb får løyve til å nytte Langmorkje statsallmenning for å arrangere jaktprøve den 30. og 31. mars og 7. og 8. september 2019. Løyvet gjeld ikkje innafor grensene for Jotunheimen nasjonalpark og andre mindre verneområde i Sjødalen.

For vinterprøva kan klubben sjølv velja område for dei ulike partia. Dette fordi det ofte kan vera lokale variasjonar i vær- og føreforhold. For haustprøva skal val av område avklarast med fjellstyret v/dagleg leder, og det blir det stilt krav om saureinheitsbevis.

Det skal betalast ei avgift til fjellstyret på kr. 60,- per hund per dag. Det skal sendast ein rapport etter jaktprøvene, med opplysningar om m.a. talet på deltakande hundar, kva for område som er brukt og observasjonar av rype.

Rett utskrift. Går til:

Gudbrandsdal fuglehundklubb v/Øyvind Kalvøy

Etter fullmakt

Knut Øyjordet
Dagleg leder

Kopi til:

Vågå Tamrein AS v/Pål Grev